



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 15/2020

Møtedato: 28.4.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum
Kenneth Monsen

S754, Fosseisstolen – søknad om nytt sel – endring av opplysningar

Stølsbrukaren søker om å få føre opp nytt sel på stølen. Selet er på 12x6,8 m, 81,6 m² BYA. Selet skal førast opp på tomt av eksisterande sel. Noverande sel skal flyttast til der skålen står i dag. Dei andre husa (utedo, skåle og løe) skal rivast. Det er i tillegg eit kårsel på stølen.

Søkjar skriv følgjande den 18.6.19:

Vi driver stølen aktivt og bor på stølen fra slutten av juni til medio sep. Dagens säl er gammelt (før 1930) og bærer preg av dette. Vi vil rive gammel forløe og bygge nytt her. Vi vil også rive vedskåle m/utedo, skåle og løe.

Søkjar skriv følgjande den 18.6.19:

Vi ønsker å sette opp nytt säl der hvor det gamle sælet står nå. Det gamle sælet vil bli flyttet. Det er av dårlig standard og egner seg dårlig til å bo i. Ønsker å bruke det som uthus på stølstunet. Alt annet av bygninger vil bli revet; utedo, skåle og løe.

Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

Etter søknad som fjellstyret avgjør, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Statskog har den 6.6.19 gjeve følgjande uttale:

Viser til mottatt byggsak på støl nr. 754 vedrørende rivning av gammelt sel og gjenoppbygging av nytt med samme plassering.

Statskog har ingen merknader til søknaden så lenge behov for bygget er begrunnet som behov for å drive en rasjonell utnytting av utvist seter.

Det er viktig at nybygg i seterlandskapet tilpasses eksisterende setermiljø.

Oppland fylkeskommune er bedt om uttale og har gjeve slikt svar datert 29.5.19:

Viser til henvendelse fra Vestre Slidre Fjellstyre datert 6. mai 2019 vedrørende Fosseimstølen.

Grunnet redusert kapasitet har Kulturarvenheten for tiden lengre behandlingstid. Uttalelse blir gitt så snart som mulig.

Oppland fylkeskommune har ikkje hatt tid til å svare og det er ukjent når dei kan gi svar. Fjellstyret har tildeger gjeve godkjenning der ein ber søkjaren ta omsyn til ev. merknader på fylkeskommunen. Har ikkje fylkeskommunen gjeve svar innan tre veker, bør søkjaren uansett kunne starte bygginga.

Oppland fylkeskommune har som prinsipp at bygg skal sjå ut slik at det visar den funksjon bygget har. Om det gamle selet skal brukast til uthus, vil det ikkje ha normal utforming som eit uthus. Det bør derfor stillast som krav at gamalt sel som skal brukast til uthus, skal utformast i samsvar med tilråding frå Oppland fylkeskommune. Det gamle selet berre kan brukast til det formål det er søkt om og det stillast som krav at det skal ominnreiaast slik at det ikkje kan nyttast til beboelse. Bygging av nytt sel bør vera kurant sak å få godkjent.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden etter §10 i stølsforskrift slik som opplyst i søknaden. Dersom fylkeskommunen kjem med merknader til utforming av nytt sel i løpet av tre veker, ber fjellstyret søkjaren ta omsyn til ev. merknader. Gamalt sel som skal brukast som uthus, skal byggast om i samsvar med uttale frå Oppland fylkeskommune. Det gamle selet berre kan brukast til det formål det er søkt om og det må om ominnreiaast slik at det ikkje kan nyttast til beboelse.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden etter §10 i stølsforskrift slik som opplyst i søknaden. Dersom fylkeskommunen kjem med merknader til utforming av nytt sel i løpet av tre veker, ber fjellstyret søkeren ta omsyn til ev. merknader. Gamalt sel som skal brukast som uthus, skal byggast om i samsvar med uttale fra Oppland fylkeskommune. Det gamle selet berre kan brukast til det formål det er søkt om og det må om ominnreisast slik at det ikke kan nyttast til beboelse. Uthuset skal ikke ha pipe.

Vedtaket er samrøystes.

Nye opplysningar i saka:

Etter vedtak i sak 23/19 er det komme inn følgjande uttale frå fylkeskommunen:


Kulturarvenheten har forståelse for at det er ønskelig å bygge et nytt sel for å tilrettelegge for aktiv stølstrift. Det stilles midlertid spørsmål om ikke dagens sel kunne ha blitt oppgradert til å tilfredsstille familiens behov. Kulturarvenheten er i tillegg noe skeptiske til å bruke en så stort bygning som selet er som uthus. Dette vil fremstå som et fremmedeelement i det tradisjonelle i setermiljøet. Oversendte bilder gir for øvrig ingen informasjon om selets tilstand.

Kulturarvenheten vil sterkt oppfordre søker til å sett i stand eksisterende sel, eventuelt i kombinasjon med tilbygg, i stedet for å bygge nytt sel. En ser at selet ikke har stor kulturminneverdi, men utfra det helhetlig setermiljø er det likevel en viktig bygning. Det minnes i tillegg om at det gir et vesentlig større klimaavtrykk å rive en bygning for så å bygge en ny, enn å renovere og oppgradere eksisterende bygninger. Fylkeskommunen oppfordrer derfor generelt til å sette i stand eksisterende bygningsmasse i stedet for å bygge nytt.

Kulturarvenheten vil ikke motsette seg riving av forløe, vedskåle med utedo og dukkestue.

Det er så komme inn nytt skriv frå søker, Jon Terje Rying/Janne Oppheim der dei skriv følgjande:
Viser til søknad og godkjent vedtak om å bygge nytt sel på vår støl. Vi ønsker ikke å flytte det eksisterende selet, men å bygge nytt sel der hvor forløa står nå. Se vedlegg. Håper dette er uproblematisk. Planen er å sette i gang riving av forløe tidlig vår og starte bygging i sommer.

Dei har sendt ved følgjande kartskisse:



Fylkeskommunen oppfordra søker til å sette i stand eksisterande bygningsmasse, medan søker opprettheld ynsket om å bygge nytt, som det er gjeve løyve til i førre vedtak. Det som er skilnaden no er plassering av nytt sel, samt at søker ynsker å oppretthalde den gamle selet.

Det er ein vurdering om denne endringa må ut på nytt ettersyn, eller om dei føreslegne endringar er av ein såpass liten karakter at ein kan fatte nytt vedtak.

Administrasjonen finn at fylkeskommunen er tidlegare høyrt, og har ikkje hatt merknader til nytt bygg ut over tilråding om å setje i stand eksisterande bygningsmasse. Ein finn difor at dei er ivaretake gjennom førra høyring. Denne omsøkte endringa berører i praksis ingen andre partar, så ein finn det forsvarleg å kunne saksbehandle omsøkt endring.

For fjellstyret er det viktig at det ikkje vert fleire bygg med opphaldsrom på denne eigedommen, då det allereie er eit kårsel som høyrer til stølen. Det er då viktig å sikre at det attverande, gamle selet ikkje vert nytta til /godkjent som opphaldsrom, og i tillegg til å ta ned piper er det og greitt at ein tek bort det påbygget som er bygd til laftebygget. Dette då utsjånaden på bygget skal og i størst mogleg grad gjenspegle den faktiske bruken, der det i dette tilfellet er tenkt som eit uthus. Dette gjeld og utsmykking rundt vindauge osv. Dette vil då verte sett som ein føresetnad for godkjenning.

Med utgangspunkt i at fylkeskommunen ikkje har komme med merknader til utforming av nytt bygg, samt at endringssøknad berre inneber ny plassering av tidlegare godkjent bygg tilrår administrasjonen at endringssøknad vert godkjent. Dog med presisering at eksisterande sel vert endra til uthus, samt at riving av piper og tilbygg til laftebygget er ein føresetnad for nytt byggeløyve som skal gjennomførast innan rimeleg tid etter at arbeid med nytt sel er påbyrja. Eventuell ny uttale frå fylkeskommunen vil verte førande for ombygging av det gamel selet.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden etter §10 i stølsforskrift slik som opplyst i søknaden. Det gamle selet vert bruksendra til uthus med naudsynt omninnreiling, med vilkår om riving av piper og tilbygg til laftebygget skal gjennomførast innan rimeleg tid etter at arbeid med nytt sel er påbyrja. Eventuelle nye tilleggsvilkår frå fylkeskommunen kring utsjänad for det gamle selet vil verte førande.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevetaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 08.05.2020

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift: Søkjar
Statskog
Oppland fylkeskommune
Vestre Slidre kommune